



Sak 18/17

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	24.08.17	Jarle Lunde

Uttale – Søknad om løyve til å byggje 4 småkraftverk, og opprusting og utviding av eit kraftverk i Fyresdal kommune i Telemark

NVE har sendt på høyring søknadar om å byggje 4 småkraftverk samt opprusting og utviding av Soks kraftverk, alle i Fyresdal kommune.

Bakgrunn

Bergesåi kraftverk

Kraftverket vil nytte eit fall på 240 m i Bergesåi, frå inntaket på kote 610 til kraftstasjonen på kote 370. Vassvegen vil bli 3100 m lang, og er planlagt nedgrave på nordsida av elva. Det vil ikkje bli bygd ny veg til inntaket, men det må byggjast 300 m ny veg inn til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 760 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,9 m³/s.

Det blir søkt om å overta eksisterande regulering av Røyningvatn som ligg i Kviteseid kommune.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,5 MW, og vil etter planane produsere 10 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 16 l/s heile året.


Villreinen i området

Rådgivande biologar har levert konsekvensutgreiing. Dei konkluderer med at villreinstammen i Våmur-Roan villreinområde ikkje vil bli negativt berørt av foreslått kraftutbygging.

«Sørvest for Skredvatn går en trekkvei for villrein vestover mot Setesdal Austhei villreinområde. Arealavgrensningene i Naturbasen er her upresise. Den mest oppdaterte villreininformasjonen finnes tilgjengelig i NVS Rapport 6/2010: Kartlegging av villreinenes arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (Mossing & Heggnes 2010).

Meir om saka (konsesjonssøknad med meir) sjå NVE:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7318&type=V-1>



Lokalisering av Bergesåi og Bjørnstadåi kraftverk

Bjørnstadåi kraftverk – Småkraft AS

Småkraft AS ynskjer å nytte eit fall på 330 meter i Bjørnstadåi og overføre Gjerdeåi. Inntaket i Bjørnstadåi er planlagt på kote 685 med kraftstasjon på kote 355. Vassvegen vil bli på 2250 m og vera nedgraven heile strekninga. Middelvassføringa i Bjørnstadåi er på 297 l/s og maksimal slukeevne på 743 l/s. Inntaket til overføringa av Gjerdeåi er planlagt på kote 760 og røyrgata er tenkt nedgraven på heile strekninga.

Villreinen i området

Faun Naturforvaltning AS har kartlagt biologisk mangfald i området. Om villreinen heiter det mellom anna:

Det foreligger for tiden ikke gode data på villreinens bruk av området, men i følge viltkartleggingen i kommune fra 2008 finnes villreinen over hele kommunen. Det er vinterbeiteområde øst for influensområdet, opp i de høyeste områdene mot Roan, men det er foreløpig ikke dokumentert hvor kalvingen foregår. Det er imidlertid vanlig at villrein vandrer ned mot bygda og ut på jordene på våren, fra Veum og til Hauggrend. Utbyggingen vil kunne forstyrre villreinen om anleggsarbeidet pågår i kalvingsperioden da de trenger ro (april-mai). Resten av året vil villreinen ikke påvirkes nevneverdig av å velge seg andre beiteområder mens byggingen pågår. Inngrepene vil ikke permanent legge beslag på viktige funksjonsområder for villreinen, og forstyrrelsen i området vil ikke være større enn i dag, når anleggsperioden er over. (s.18)

Verknaden for biologisk mangfald er samla vurdert til middels negativt. Tiltaket er ut frå dette vurdert å ha liten negativ konsekvens (-) for biologisk mangfald og verneinteresser.

Meir om saka (kart, konsesjonssøknad med meir), sjå NVE:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201303154/2041829>

Bygging av Steinvassåne kraftverk og opprusting og utviding av Soks kraftverk

Steinvassåne kraftverk vil nytte eit fall på 68 m i Steinvassåne, frå inntaket på kote 534 til kraftstasjonen på kote 466. Vassvegen vil bli 350 m lang, og er planlagt nedgrave på nordsida av elva. Det vil ikkje bli bygd ny veg til kraftstasjonen, men det må byggjast 350 m ny veg frå kraftstasjonen til inntaket. Middelvassføringa er 350 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 950 l/s. Det er søkt om å regulere Steinsvatn mellom kote 565,3 og 566,25. Halve Steinsvatn liggje i Åmli kommune i Aust-Agder, medan kraftverket liggje i Fyresdal i Telemark. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,5 MW, og vil etter planane produsere 1,6 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 30 l/s heile året.

Soks kraftverk vart bygd konsesjonsfritt i 2009 og nyttar i dag eit fall på 190 m frå inntaket på kote 465 til kraftstasjonen på kote 275. Kraftverket har i dag ein slukeevne på 0,7 m³/s med ei installert effekt på 0,98 MW og ein årsproduksjon på 4,18 GWh. Minstevassføringa er satt til 30 l/s heile året.

Det blir søkt om å auke slukeevna i kraftverket frå 0,7 m³/s til 1,1 m³/s og om å auke installert effekt frå 0,97 MW til 1,6 MW. Vidare blir det søkt om å overføre Furevassbekken til Steinsvassåna.

Middelvassføringa i Furevassbekken er berekna til 85 l/s og overføringa er planlagt med ein kapasitet på 1500 l/s. Lengda på overføringsrøyret vil bli 90 m. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 50 m lang elvestrekning i Furuvassbekken, og det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring nedanfor inntaket til overføringa. Overføringa er venta å gje ein årleg auke i produksjon på 0,8 GWh. Soks kraftverk vil også nytte reguleringa av Steinsvatnet. Samla vil heile prosjektet gje ei årleg auke i produksjonen på 1,6 GWh.

Villreinen i området

Faun Naturforvaltning AS har kartlagt biologisk mangfald i området.

Nordlige del av nedbørfeltet er del av Setesdal Austhei villreinområde. «Det observeres svært sjelden dyr i disse marginale delene av villreinområdet. Iblant påtreffes imidlertid villrein nede langs Hønevatn/Drangstveitkilen (Øystein Risdal pers. medd.). Disse dyrene tilhører sannsynligvis VåmurRoan villreinområde i nordøst, hvor reinen stammer fra Setesdal Austhei.» (s.25)

Samla vurdering av verknad og omfang for biologisk mangfald og inngrepsfri natur er satt til å ha liten negativ konsekvens. Det er ikkje forventat at villreinstammen i Setesdal Austhei villreinområde blir berørt av foreslått kraftutbygging

Meir om saka (kart, konsesjonssøknad med meir), sjå NVE:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7587&type=V-1>

Bindøl kraftverk

Bindøl kraft ynskjer å nytte eit fall på 330 meter i elva Bindøl og overføre Skjeggerudbekken.

Inntaket i Bindøl er planlagt på kote 483 med kraftstasjon på kote 275. Vassvegen vil bli 1930 m lang og vera nedgraven heile strekninga. Middelvassføringa i Bindøl er på 381 l/s og planlagt maksimal slukeevne er 1060 l/s. Inntaket til overføringa av Skjeggerudbekken er planlagt på kote 525 med nedgraven røyrgate på heile strekninga. Middelvassføringa i Skjeggerudbekken er på 20 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,7 MW og skal etter planane gje ein årleg produksjon på 4,26 GW. Av dette utgjer overføringa 0,17 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 2000 m i Bindøl og 1200 m i Skjeggerudbekken. Det er planlagt ei minstevassføring på 21 l/s i Bindøl om sommaren og 11 l/s om vinteren. Det er planlagt minstevassføring på 1 l/s heile året i Skjeggerudbekken.

Villreinen i området

Faun Naturforvaltning AS har kartlagt biologisk mangfald i området. «*Bindalen er del av Setesdal Austhei villreinområde. Grensene for området blei trekt tidleg på 1980-talet, etter at Valle og Bykle tamreinlag var oppløyst og tamreinen rekna som villrein. Det blei på 1980-talet felt litt rein på sørsida av Bindalen, ved Fiskevotnæ og Øyvotnæ. Det er mange år mellom kvar gong det er sett rein nede i Bindalen, men rundt 2012 blei det sett ein liten bukk heilt ned mot sauegrinda i Bindalsvegen (s.12-13).*

Ei utbygging er vurdert å ha små verknader for biologisk mangfald.

Meir om saka (kart, konsesjonssøknad med meir), sjå NVE:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=6586&type=V-1>

Vurdering

Bakgrunn for vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette "Nasjonale villreinområder".

Setesdal Austhei er eit av ti villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde. Den regionale planen «Heiplanen» gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området.

Bjørnstadåi kraftverk og Bergesåi kraftverk

Kraftverka er planlagt i Våmur-Roan villreinområde. Dette har ikkje status som nasjonalt- eller europeisk villreinområde slik som Setesdal Austhei, og er heller ikkje del av Heiplanområdet.

Det føreligg ikkje gode data på villreinens bruk av området. I hovudsak er nok beiteområda lenger aust og høgare i terrenget enn begge tiltaksområde. Når det gjeld kalvingsområda er desse ikkje dokumentert, men utifrå kunnskap om villreinen i Setesdal-Austhei, er det god grunn til å anta at tiltaksområda kan bli nytta.

I høve til villrein er det tale om relativt små og tidsavgrensa inngrep som i liten grad vil påverka villreinen i driftsfasen. For anleggsfasen vil me oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje skal foregå i kalvingstida.

Bindøl kraftverk

Tiltaket ligg i Setesdal Austhei villreinområde. Jfr Heiplanen ligg sjølve kraftverket i Bygdeutviklingssona. I denne sona er villreininteresser rekna for å være avklart.

Inntak og store delar av nedgroven røyrate vil vere i henssynssone villrein. I retningslinjene for denne sona heiter det bl a at

- *Nye eller utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngås.*
- *Unntak kan gjøres for tiltak som ikke innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingene forutsettes avklart gjennom konsekvensutredninger etter relevant lovverk.*

I rapporten for biologisk mangfald blir det nemnt at det er svært sjeldan villrein blir observert i tiltaksområdet. Data frå GPS-prosjektet stør opp om dette.

I høve til villrein er det i denne saka tale om relativt små og tidsavgrensa inngrep. Det er ikkje forventa at villreinstammen i Setesdal Austhei vil bli negativt påverka av foreslått kraftutbygging.

Steinvassåne kraftverk og opprusting og utviding av Soks kraftverk

Tiltaket ligg i Setesdal Austhei villreinområde. I Heiplanen ligg Steinsvatn og øvrige tiltaksområde i bygdeutviklingssona. Villreinens interesser regnes å være avklart i denne sonen ved at Heiplanens intensjoner og mål gjennomføres.

Det er ikkje forventa at villreinstammen i Setesdal Austhei vil bli negativt påverka av foreslått kraftutbygging.

Forslag til vedtak

Villreinnemda har ingen merknad til søknad om å bygge Bindøl kraftverk, Soks kraftverk og Steinvassåne minikraftverk.

For Bjørnstadåi kraftverk og Bergesåi kraftverk vil me oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje skal foregå i kalvingstida.

Me syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Uttale

Villreinnemnda har ingen merknad til søknad om å bygge Bindøl kraftverk, Soks kraftverk og Steinsvassåne minikraftverk.

For Bjørnstadåi kraftverk og Bergesåi kraftverk vil me oppmoda om at det vert stilla vilkår om at anleggsverksemda ikkje skal foregå i kalvingstida.

Me syner elles til saksutgreiinga.